

## **Den kulturelle spaserstokken 2014 – invitasjon til å søkje fylkeskommunen om tilskot**

Din kommune blir med dette invitert til å søkje fylkeskommunen om midlar til gjennomføring av kulturtiltak for eldre. Gjennom tildelingane skal eldre få eit kulturtilbod som held høg, profesjonell kulturfagleg kvalitet.

Den kulturelle spaserstokken blir finansiert av Helse- og Omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet i fellesskap. For 2014 er det avsett 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til ordninga. Kulturdepartementet sin del blir finansiert av spelemiddeloverskotet og blir fastsett i kongeleg resolusjon.

Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den kulturelle skolesekken, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Søknadene i 2014 vil bli handsama av fylkeskommunen. Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Det er kommunane som har høve til å søkje. Tiltaka som får støtte skal vere gjennomførde innan 31. desember 2015. Det vil bli stilt krav om rapportering.

Rapport for bruk i 2013 av midlar tildelt frå Den kulturelle spaserstokken i 2012 skal sendast Kulturdepartementet ([postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)) innan 1. mai 2014 med kopi til fylkeskommunen.

Mottatt søknad utan kopi av rapport over eventuelt tidlegare tildelte midlar, vil bli avvist. Frist for å sende inn søknad er (1. mai 2014).

Vedlagde elektroniske søknadsskjema kan nyttast. Søknadsskjema vil også bli tilgjengeleg på heimesida vår. Profesjonalitet, kulturfagleg kvalitet, samarbeid og medfinansiering bør gå fram av skjema og rapport. Spørsmål kan rettast til underteikna på e-post (adresse).

Med helsing

Kopi:  
Fylkesmannen